

# Nynorsk

## i skolane og i lærarutdanninga

5. seminar for lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

**Fredag 27. april 2018, kl. 10.00-15.00**

**Høgskolen i Innlandet, campus Hamar, auditorium 4**

### Program:

	(kaffi/te)
10.00-10.05	Velkommen v/ Jens Haugan
10.05-10.25 + diskusjon	Jens Haugan (dosent, Høgskolen i Innlandet, leiar i Hamar dialekt- og mållag): <i>Korfor skal elevane lære nynorsk? Demokratiargumentet</i>
10.35-10.55 + diskusjon	Eline Bjørke (dagleg leiar i Norsk Målungdom): <i>Nynorsk myteknusar</i>
11.05-11.20	Pause
11.20-11.40 + diskusjon	Helén Evenstad (lærer, Grue barne- og ungdomsskole): <i>Dialekt og nynorsk i klasserommet - erfaringar frå Solør"</i> (Ingrid Bergset-Leite ( <i>Karakterpraksis og skriveidaktikk</i> ) måtte melde avbod.)
11.50-12.10 + diskusjon	Per Magnus Finnanger Sandsmark (redaktør, Allkunne): <i>Allkunne. Møte med nynorsk fagtekst i fleire fag</i>
12.20-12.50	Lunsjpause (enkel servering (påsmurd mat + kaffi/te)) – elles er også kantina open
12.50-13.10 + diskusjon	Reidun Kydland (rådgjevar, Nynorsksenteret): <i>Kreativ skriving i vidaregåande skole</i>
13.20-13.40 + diskusjon	Dagfinn Rødningen (seniorrådgjevar, Språkrådet): <i>Språkrådets ressursar på nett</i>
13.50-14.00	Pause (kaffi/te, noko søtt)
14.00-14.20 + diskusjon	Svein Olav Langåker (redaktør, Framtida.no og Framtidajunior.no): <i>Digitalt nynorskløft i skulen</i>
14.30-14.50 + diskusjon (5)	Svein Olav Langåker (redaktør, Pirion): <i>Høgtlesing og song på nynorsk: korleis står det til i barnehagane og skulen?</i>
14.55-15.00	Avslutting v/Jens Haugan

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj.

Arrangørar: Høgskolen i Innlandet, Hamar dialekt- og mållag  
Kontakt/påmelding: Jens Haugan, jens.haugan@inn.no, tlf. 911 95 432

[www.jenshaugan.com/nynorskseminaret](http://www.jenshaugan.com/nynorskseminaret)

## Nynorskseminaret: Nynorsk i skolane og i lærarutdanninga

### 5. seminar for studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

Fredag 27. april 2018, kl. 10-15, Høgskolen i Innlandet, campus Hamar, auditorium 4

Det er ei stor glede å kunne invitere til det femte nynorskseminaret på Hamar. Nynorskseminaret har som mål å presentere både forskning og konkrete erfaringar frå praksisfeltet frå dei ulike skoleslaga og frå lærarutdanninga. Ein vil også få tips om litteratur og undervisningsopplegg. Seminaret rettar seg mot studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte. Det vil vere 10 minutt til open diskusjon og dialog etter kvart føredrag. Så langt har det vore eitt seminar om våren og eitt om hausten. Mens vårseminaret er meir ope når det gjeld tema, er haustseminaret knytt til det aktuelle temaet til dei nasjonale forskingsdagane. Haustseminaret blir fredag 28. september 2018 og har temaet «Oppvekst». Potensielle føredragshaldarar kan gjerne ta kontakt allereie no.

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj. Kontakt/påmelding: Jens Haugan, jens.haugan@inn.no, tlf. 911 95 432

### Informasjon om føredraga på nynorskseminaret 27.04.2018:

#### **Jens Haugan: *Korfor skal elevane lære nynorsk? Demokratiargumentet***

Som norsklærer (og sjølv sagt som målaktivist) blir ein ofte spurd om korfor elevane må lære nynorsk. Mange lærarar føler nok at dei ikkje har kompetanse til å kunne svare godt nok på dette spørsmålet, og eit lite tilfredsstillande standardsvar er gjerne at ein må lære det for å kunne jobbe i offentlig administrasjon. Dette føredraget handlar om eit viktigare argument, nemleg demokratiargumentet, som rettar seg mot elevane frå eit medborgar- og samfunnsperspektiv.

#### **Eline Bjørke: *Nynorsk myteknusar***

Mange trur mykje om nynorsk, og mykje av det dei trur, er feil. For er det egentleg slik at nynorsk er eit lite språk som kjem til å døy ut? Er nynorsk eit vestlandsspråk? Er nynorsk vanskelegare enn bokmål? Og korleis kan det ha seg at alle desse mytane går i arv? Eline stikk hol på nynorskmytane, slik at du slepp å føre dei vidare til elevane dine.

#### **Helén Evenstad: *Dialekt og nynorsk i klasserommet - erfaringar frå Solør***

(Ingrid Bergset-Leite (*Karakterpraksis og skriveidaktikk*) måtte melde avbod.)

#### **Per Magnus Finnanger Sandmark: *Allkunne. Møte med nynorsk fagtekst i fleire fag***

Dette føredraget vil vere ein presentasjon av det nynorske digitale oppslagsverket Allkunne.no, kva det er, kva det ikkje er, og døme på korleis Allkunne er nytta i undervisninga.

#### **Reidun Kydland: *Kreativ skrivning i vidaregåande skole***

Dette føredraget kjem til å handle om ulike måtar å støtte opp om og hjelpe til med elevane si skrivning på (skrivestararar, skriverammer, samskriving m.m.).

#### **Dagfinn Rødningen: *Språkrådets ressursar på nett***

Språkrådet har laga to ulike nettkurs i nynorsk. Kursa er ulike, men eignar seg på kvar sin måte godt i norskundervisninga. På seminaret får de ein gjennomgang av dei.

#### **Svein Olav Langåker: *Digitalt nynorskløft i skulen***

Svein Olav Langåker presenterer ei fersk undersøking om korleis det står til med digitale læremiddel på nynorsk. Han viser òg fram dei populære nynorske digitaltilboda Framtida.no og Framtidajunior.no, og viser døme på korleis dei kan bli brukt i skulen.

#### **Svein Olav Langåker: *Høgtlesing og song på nynorsk: korleis står det til i barnehagane og skulen?***

Og kor viktig er stemma vår for å lære språk? Svein Olav Langåker vil presentera resultat av undersøkingar i barnehagar og skular og vise døme på kva som skal til for å få meir nynorsk i skulen og barnehagane.